



FYLKESMANNEN I ROGALAND

IVAR renseanlegg Nærbø, Hå kommune - Søknad om løyve etter forureiningslova om auke av utslepp av kommunalt avlaupsvatn - Utlegging av søknaden til offentlig ettersyn

IVAR IKS har søkt Fylkesmannen i Rogaland om løyve etter forureiningslova om auke av utslepp av kommunalt avlaupsvatn til 30 000 pe for IVAR renseanlegg Nærbø, gnr. 10 bnr. 9, i Hå kommune. Reinsa vatn blir leia til Revtangen ved Obrestad, Hå kommune, ca. 40 m frå land på ca. 6 m djup.

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Hå kommune, Rådhusgata 8, 4368 Varhaug og på Fylkesmannen i Rogaland sin heimeside, www.fylkesmannen.no/rogaland under "Høyringar".

Eventuelle merknader til søknaden kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland fmropost@fylkesmannen.no eller Postboks 59 Sentrum, 4001 Stavanger innan 4 veker frå kunngjeringstidspunktet.